
Fra: Toril Marie Mulen
Sendt: 2. juni 2014 10:33
Til: Kjersti Flatråker
Emne: Delingssak gbnr 522 Taule - vurdering etter jordlova

Kopimottaker

Referanser: Saksbehandlar: Dato:
Dykkar: Toril Marie Mulen 02.06.2014
Vår: 14/876 - 14/5715 toril.mulen@radoy.kommune.no

Delingssak gbnr 522 Taule - vurdering etter jordlova

Vi viser til dykkar søknad om deling dagsett 23.02.2014. Saka er motteke hos landbrukskontoret 19.03.2014. Det er to våningshus på landbrukseigedommen gnr/bnr 52/2 Taule. De søker om å dele ifrå nyehuset som er bygd på 80-talet. Føremålet med delinga er å selje resten av gardsbruket.

Landbrukseigedommen gnr/bnr 52/2 har 4,1 daa fulldyrka areal, 2,6 daa overflatedyrka areal, 22 daa innmarksbeite og noko anna skog og fastmark. Totalt areal på landbrukseigedommen er 64,3 daa.

Jamfør rundskriv M-1/2013 skal ein vurdere Jordlova § 9 om ein skal vurdere Jordlova § 12.

Jordlova § 9 Bruk av dyrka og dyrkbar jord

«Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.»

I denne saka vil det arealet som vert att etter ei eventuell deling framleis bli brukt i tråd med LNF-føremålet. I og med at arealføremålet etter deling er i tråd med LNF-føremålet vil ein i denne saka være i samsvar med Jordlova § 9 som gjeld bruken av dyrka og dyrkbar mark for jorda som vert att.

Jordlova § 12 Deling

Vurdering:

Det skal vurderast om ei deling vil legge til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur.

I dette inngår:

- Vern av arealressursane
- Om delinga fører til ei driftsmessig god løysing
- Om delinga fører til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket

Landbrukseigedommen gnr/bnr 52/2 er ei etter måten lita eining om ein ser på gjennomsnittstorleiken på gardsbruk i regionen.

I denne saka er intensjonen å dele ifrå det nyaste våningshuset for å kunne selje resten av garden som ei heil eining. Eit samtykke til deling vil gje nokon høve til å busetje seg og drive matproduksjon i liten skala på den delen av landbrukseigedommen som vert att. Rådmannen kan gje samtykke til deling etter denne passusen.

Ei deling i denne saka kan gje ei driftsmessig god løysing. Rådmannen finn at ein kan gje samtykke til deling etter denne passusen.

Ei deling vil alltid kunne gje uforutsette drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket. Men, i denne saka finn rådmannen at ein har tillempa å redusere ulempene gjennom måten tomta ein søker om å dele ifrå er planlagt, vi viser til kartet som ligg ved søknaden. Rådmannen finn at ein kan gje samtykke til deling etter denne passusen.

Vedtak:

Rådmannen gir samtykke til deling av gnr/bnr 52/2. Vedtaket har heimel i Jordlova § 12.

Klage:

De har høve til å klage på vedtaket. Ei eventuell klage skal grunngjevast. Klagefristen er tre veker frå søkjar fekk underretning om vedtaket.

Med helsing

Torill Marie Mulen
leiar

Toril Marie Mulen
leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

